

Kjære Refleks-konfirmant-føresette!



Gratulerer med å ha fått ein Refleks-konfirmant i hus! Me håper og trur at dette blir et bra år, og kanskje starten på ein lang Refleks-karriere!

Som Refleks-konfirmant får ein både i pose og sekk: god konfirmasjonsundervisning og kjekk konfirmasjonsleir – pluss sjansen til å verte kjende med og ein del av det store, kreative og rause Refleks-miljøet. Her kjem litt viktig informasjon.

Kva er Refleks Ten Sing?

Refleks er mykje meir enn et kor. Gjennom arbeidet ynskjer me å gjere ungdommane i stand til å vere seg sjølve og til å stå opp for andre og å skape arenaer der dei kan uttrykke seg sjølv kreativt gjennom både musikk, dans og drama. Me anbefalar at de både les det vedlagte informasjonsskrivet til føresette, og at de tar ein kikk på bileta som ligg på Facebook-sida til Refleks [facebook.com/reflekstensing](https://www.facebook.com/reflekstensing) for å få eit inntrykk av korleis RTS-torsdagane og RTS-året ser ut.

Semesterplanen blir delt ut i slutten av august, når ungdomsleiarane har vært på tur og planlagt året. Planen vert òg lagt ut i facebookgruppene [Medlemmer i Refleks Ten Sing](#) og [Informasjon til Refleks-føresette](#). Ver grei og meld dykk inn.

Litt om rammene og om kva me forventar

Konfirmantane blir medlemmer i Refleks, på lik linje med resten av Refleksarane:

- **Innmelding:** Konfirmantane må meldast inn i Refleks og KFUK-KFUM, sjølv om dei er registrert som konfirmantar. Dette gjer føresett via denne linken: <http://bit.do/rtsinnmelding1819>.
- **Grupper:** Etter nokre prøve-torsdagar vel alle Refleksarar ei spesialgruppe. I år ser det ut som dei kan velje mellom dans, drama, (media), Reflektor, teknikk, band, matlaging og minikor. Dei eldste ungdommane er gruppeleiarar, og særleg når det nærmar seg vårkonserten treng leiarane beskjed når ein ikkje kan komme på øving.
- **Utanom torsdagane:** Refleks held eit ganske høgt aktivitetsnivå, og me håpar konfirmantane tek aktivt del! Alle turar, leiar og sosialkveldar er heilt frivillig, men me anbefalar på det varmaste å bli med! *Når Refleks skal opptre reknar me med at konfirmantane anten møter opp eller gjer beskjed til dirigent / bandleiar + Rønnaug om at dei ikkje kjem.*

Av Refleks-konfirmantane forventar me

- at dei er i Vonheim torsdagar mellom kl. 18 og 21 og deltek på det som skjer: Refleks-øvingane er ein heilt sentral del av konfirmantopplegget deira. Dei gjev beskjed til Rønnaug om dei ikkje kan komme, ho fører frammøtelister.
- at dei møter på undervisning i forkant av nokre RTS-øvingar (*datoar kjem!*)
- at dei er med på det opplegget alle konfirmantane har saman: leir, temadagar og fasteaksjonen. Sjå datoar i Konfirmantposten.
- Noko opplegg på leir og på øvingar kan bli talt med som ein av dei obligatoriske gudstenestene. Høyr med Rønnaug!

Føresett-hjelp

Konfirmantane utgjer ein stor del av medlemsmassen i Refleks, og me treng at dykk føresette bidreg, anten med å lage middag ein torsdag, med å bake kake til 17. mai eller Vonheims-jolemessa eller med å ta ein økt som vertskap under Vinterfestivalen 8. – 10. februar 2019. Sjå skrevet til alle føresette!

Ta gjerne kontakt med vaksenleiarane om de lurar på noko!

- Kateket **Rønnaug** Skjeldal har hovudansvaret for konfirmantane og for undervisninga. Ta kontakt med ho om de for eksempel lurar på noko om konfirmantleir, felles konfirmantprogram, oppmøte, teljing av gudstenester eller om konfirmasjonsdagen. 952 62 025 / kateket@voss.kyrkja.no
- Dagleg leiar i Voss KFUK-KFUM **Ingrid** Tønnessen er hovudleiar for Refleks. Ta kontakt om alt ikkje-konfirmantspesifikt! 480 31 200 / ingrid2@kfuk-kfum.no

Me gler oss til året!

